

## NOTAT

### Vedlegg nr. 3

Til: Styringsgruppa  
Fra: Sekretariatet/Vestland fylkeskommune  
Kopi:

Saksbehandler/telefon:  
Solveig Paule (sekr) / Torill Klinker (VLFK)  
Vår dato: 11.12.2020

## Sak 79/20      **Prosess for rullering av Miljøløftets handlingsprogram 2022-2025**

### Bakgrunn for saka

Ettersom forhandlingane av ny avtale pågjekk fram til desember 2019 og avtalen ikkje vart signert av Staten før i september 2020, har den årlege revisjonen av Miljøløftet sitt handlingsprogram dei to siste åra vore prega av korte fristar og prioritering av einskild-prosjekt for det komande året.

Vestland fylkeskommune har no saman med sekretariatet tatt initiativ til eit strategisk handlingsprogram, med overordna føringar for heile avtaleperioden. Eit strategisk handlingsprogram for heile avtaleperioden vil vera eit viktig styringsdokument i høve til å fastslå kva partane i Miljøløftet samla sett ynskjer å oppnå gjennom heile avtaleperioden. Eit slikt handlingsprogram for heile avtaleperioden vil i større grad gjera Miljøløftet som partnerskap i stand til å prioritera i høve til nullvekstmålet og dei fire satsingsområda i byvekstavtalen.

### To parallelle prosessar

Vi legg difor opp til at rulleringa av handlingsprogrammet for Miljøløftet i år vil ha to parallelle prosessar:

1. Vestland fylkeskommune og sekretariatet foreslår at det vert nedsett ei arbeidsgruppe med eit mandat til å utarbeide eit slikt forslag til strategisk handlingsprogram for heile avtaleperioden.
2. Sekretariatet har laga en framdriftsplan som angir fristane for dei ulike delane av årets rullering, slik at vi sikrar naudsynt handsaming av handlingsprogrammet i dei ulike kommunestyra, bystyret og fylkestinget.

### **1. Det strategiske handlingsprogrammet for heile avtaleperioden**

Arbeidsgruppa for det strategiske handlingsprogrammet for heile avtaleperioden skal ha representantar frå kommune, fylkeskommune, stat og sekretariat, og rapportera jamleg til

AKG og styringsgruppa. Det strategiske handlingsprogrammet skal ikkje erstatta dei årlege prosessane, men vera eit overordna rammeverk for heile avtaleperioden. Prosessen med utarbeiding av det strategiske handlingsprogrammet vil pågå gjennom heile 2021, og danne eit godt grunnlag for komande rulleringar.

Det er viktig å ha god tid til fagleg utarbeiding av det strategiske handlingsprogrammet, med vurdering av overordna føringar, måloppnåing og ønska prosjekt. Det er også viktig med god politisk diskusjon og forankring i fylkeskommunen og i kommunestyra til avtalekommunane, slik at det strategiske planprogrammet kan ligge til grunn for heile avtaleperioden, og eventuelt ved reforhandling av Byvekstavtalen. Det strategiske handlingsprogrammet bør difor vere ferdig med lokalpolitisk handsaming og godkjent av Styringsgruppa seinhaustes 2021, slik at det kan legga føringar for handlingsprogramperioden 2023-2026, og vidare framover i avtaleperioden.

## 2. Handlingsprogram 2022-2025

Framdriftsplan for arbeid våren 2021 med Miljøløftets handlingsprogram 2022-2025

Oppgåve	Møteforum	Ansvar	Frist
Gjennomgå rammer for rulleringa i AKG	AKG		7. januar
Gjennomgå rammer for rulleringa i styringsgruppa	SG		15. januar
Gjennomgå foreløpig innspel til statsbudsjett 2022 i AKG	AKG		10. februar
Gjennomgå foreløpig innspel til statsbudsjett 2022 i Styringsgruppa	SG		19. februar
Gjennomgå innspel til statsbudsjett 2022 i AKG	AKG		9. mars
Gjennomgå innspel til statsbudsjett 2022 i Styringsgruppa, samt drøfte HP 2022-2025	SG		19. mars
<i>Innmelding til statsbudsjett 2022 av Miljøløftet-prosjekter som er tenkt finansiert med midlar til programområdetiltak</i>		<i>Statens vegvesen</i>	<i>19. mars*</i> <i>*Ventar på melding om endeleg frist</i>

Drøfte HP 2022-2025 i AKG	AKG		8.april
<i>Sende endeleg forslag HP 2022-2025 til Styringsgruppa</i>		<i>Sekretariatet</i>	<i>16. april</i>
Vedta HP 2022-2025 i styringsgruppa	Styringsgruppa		23. april
Sende HP 2022-2025 til lokalpolitisk behandling		Sekretariatet	27. april

Planen visar ikkje når dei ulike delane av rulleringa skal handsamast lokalpolitisk. Dette må kvar enkelt part ta høgde for.

### Forslag til vedtak:

1. Styringsgruppa sluttar seg til at det vert nedsett ei arbeidsgruppe med eit mandat til å utarbeide eit forslag til eit strategisk handlingsprogram for Miljøløftet for heile avtaleperioden. Vidare detaljering av dette arbeidet følgjast opp i AKG.
2. Styringsgruppa tek framdriftsplanen som angir fristane for dei ulike delane av årets rullering til orientering, slik at Miljøløftet sikrar naudsynt handsaming av handlingsprogrammet i dei ulike kommunestyra, bystyret og fylkesting.